

EINAR JETNE:

## Fiskarar i Norge og EEC

Vi må vurdere fiske i Norge og i EEC både på bakgrunn av næringsinteresser, busetnad, sosialt miljø og klasseinteresser.

Som næring er fiske for nasjonen Norge langt viktigare enn tilfellet er for nokon EEC-nasjon. Mesta 10% av den norske eksporten er fiskeeksport. Omlag 20% av fiskeeksporten går til noverande EEC-land. Rundt 37% går til noverande EFTA-land. Sverige og Finnland kjøper 1/3 av eksporten vår til EFTA. Det noverande EEC er nær på sjølvfor-synt med fisk, d.v.s. eksport og import frå og til EEC er på lag likeverdig. Mellom dei EFTA-landa som idag søkjer medlemskap i EEC, er Storbritania stor nettoimportør av fisk. Omlag 15% av fiskeeksporten vår går til Storbritania

TABELL 1: Samanlikning mellom EEC-landa og Norge når det gjeld årleg fiskefangst i tonn for tre år.

	1957	1966	1968
Belgia	49.558 a)	47.300 a)	ca 48.000 b)
BRD c)	753.800	657.300	682.300
Frankrike	514.500 d)	804.800	793.600
Italia	215.700	334.100	363.400
Nederland	300.800	353.100	323.300
Sum EEC e)	1.834.358	2.196.600	2.210.600
Norge	1.749.100	2.872.000	2.804.100

Kjelde: Statistisk årbok 1959, 1968 og 1970.

- Kjelde: OECD, *Fishery policies and economies 1957-1966*.
- Sett på skjønn av F.J.
- Den Tyske Forbundsrepublikken.
- Inkludert Algerie.
- Det fins ingen tilgjengelege oppgåver over fiske i Luxembourg, men ein går ut ifrå at landet har eit forsvinnande lite fiske.

Eit utvida EEC vil kunne ta mot vel 50% av den norske fiskeeksporten, men norsk fiskerinæring vil i høg grad framleis vere bunden av store marknader utafor EEC.

I motsetnad til EEC-statane og Storbritania er norsk fiskerinæring svært desentralisert. I Forbundsrepublikken Tyskland skjer mesta alt fiske ut frå fire hamner: Bremerhaven, Cuxhaven, Hamburg og Kiel.1) Fisket blir drive av større private trålarreiarlag. På liknande vis blir fisket stort sett drive i dei andre EEC-landa og i Storbritania. Frankrike (Bretagne) og Italia har i tillegg eit desentralisert heimefiske.

I EEC-landa og i Storbritania er fiske heilårsyrke. I Norge er fiske ofte del av ein yrkeskombinasjon. I høgare grad enn for andre land i Europa er norske fiskeri sesongfiske ved kysten.

*Fiskesesongane ved norskekysten kan grupperast slik:*

Skreifiske (Lofoten, Finnmark)	januar - april
Vårtorskfiske (Finnmark)	april - juni
Loddefiske (Finnmark)	mars - mai
Hysefiske	mai - oktober
Seifiske	juni - oktober
Vintersildfiske (Vestlandet)	februar - mars
Nordsjøsildefiske	mai - august
Feitsild- og småsildefiske (kysten)	mai - november

Norske fiskarar tar ofte berre del i eitt eller eit fåtal sesongfiske. Mellom sesongane driv dei ikkje sjeldan jordbruk.

TABELL 2: Norske fiskarar fordelt på eineyrke, hovudyrke og biyrke.

	Fiskarmanntal			
	1957	1964	1966	1968
Eineyrke	28.092	21.345	22.826	22.912
Hovudyrke	29.816	16.160	14.098	12.472
Biyrke	22.561	13.836	14.177	12.413
SUM	80.469	51.341	51.101	47.797

Kjelde: Statistisk årbok 1970 og 1959.

Ei gruppering av norske fiskefarty etter lengde seier oss noko om strukturen i norsk fiske.

TABELL 3: *Motordrivne fiskefarty pr. 31.12.1968.*

Lengde	I alt	Med dekk		Opne
		Av stål	Av tre	
Under 20 fot	13.803	-	-	13.803
20 - 24,9 fot	12.251	-	1.515	10.736
25 - 29,9 fot	3.753	3	1.631	2.119
30 - 49,9 fot	4.410	22	3.898	490
50 - 99,9 fot	1.589	163	1.426	-
Over 100 fot	480	436	44	-
<b>I alt</b>	<b>36.286</b>	<b>624</b>	<b>8.514</b>	<b>27.148</b>

Kjelde: *Statistisk årbok 1970.*

Så godt som alle opne motoriserte fiskefarty under 20 fot er einmannsfarty. Fiskaren er sjølv eigar. Dei fleste farty mellom 20 og 30 fot, sjarkane, blir idag drivne av ein fiskar åleine eller av to familiemedlemer, noko som vert stadig sjeldnare. Fiskaren eig sjølv fartyet. Norsk fiske er såleis heller typisk "småbruk"-drift. I 1968 må vi kunne rekne med at rundt 30 000 norske fiskarar var åleine-fiskarar. Desse utgjer 80% av alle norske fiskarar. Ein del av desse fiskarane kan i sesongane vere mannskap på større fiskefarty, men ein stor del driv så godt som heilårs heimefiske - gjerne kombinert med småbruk. (I praksis er ofte kona bonde og mannen fiskar, bortsett frå i jordbruksonnene.) Ein del av desse småfartya tar år om anna også del i Lofotfisket på etterjulsvinteren.

Fartya mellom 30 og 50 fot var tidlegare typiske sesongfiskefarty. Mannskapet var ofte sjølvstendige fiskarar som tok seg hyre som lottfiskarar på Lofoten eller på storsild- eller feitsildfisket. I store delar av året låg fartya gjerne oppankra. Det er til øydeleggjing av slike farty at staten har gjeve kondemneringstilskott.

Fartya over 50 fot, rundt 2000 farty, er for ein del havfiskefarty som driv heilårsfiske på bankane ved kysten og elles over heile Nord-Atlanteren, i Barentshavet og ved Bjørnøya.

Fiske fra open motorbåt og sjark er typisk bygdenæring i dei tre nordlegaste fylka i Norge. Heile 13 000 av dei 27 000 registrerte opne motoriserte fiskefartya høyrer heime i Nord-Norge, halvparten i Nordland fylke. Desse

fylka har til saman knappe 12% av folket i Norge. I 1959 budde 59% av folket i desse fylka i spredtbygde strok og 13% i tettstader med mellom 200 og 2000 innbyggjarar. Den spreidde busetnaden i Nord-Norge er halden oppe av eit desentralisert småbåtfiske.

Det største "fiskarfylket" utanom Nord-Norge - Møre og Romsdal fylke - har ein meir industriell struktur i fisket: Heile 219 stålfiskefarty var i 1968 registrerte der, mot 56 i Nordland, 78 i Troms og 33 i Finnmark. Møre og Romsdal hadde 2999 registrerte opne fiskefarty.

Leif Aune skriv i boka "Menneske og miljø i Nord-Norge" at "antall registrerte fiskebåter i Nord-Norge var hele 19.500 i 1966, hvorav vel 80% var under 30 fot. I nevnte periode (1960 - 66) økte tallet på fiskebåter i Nord-Norge med 1.950, mens det i landet for øvrig var en nedgang på nesten det dobbelte. Det alt vesentlige av denne økningen gjaldt båter under 30 fot (sjarker)." 2)

TABELL 4: Endring i båtstrukturen frå 1960 til 1966 i Finnmark.

Storleik	1966	Endring 1960 - 1966	
	Absolutte tal	Absolutte tal	%
Under 30 fot	3.648	1.167	47
30 - 59 fot	548	-61	-10
60 - 89 fot	43	6	10,2
90 fot og over	18	7	63,6
Sum	4.257	1.119	35,7

Kjelde: *Menneske og miljø i Nord-Norge*. Universitetsforlaget 1971.

Trass i regionale skilnader når det gjeld strukturen til fisket i Norge, er norsk fiske typisk småskaladrift samanlikna med fisket i EEC-landa.

TABELL 5: Fiskarar og fiskefarty i EEC og i Norge.

	Farty	1957 Fiskarar	Fiskarar/Farty
Belgia	446	1.818	4,1
BRD	1.775	10.952	6,2
Frankrike	-	51.500	ca 5,2
Italia	43.948	123.012	2,8
Nederland	642	6.551	10,2
<b>Sum EEC</b>	<b>56.800</b>	<b>193.833</b>	<b>3,4</b>
Norge a)	38.311	80.469	2,1
EEC utan Italia	12.800	70.821	5,5

		1966	
Belgia	369	1.431	3,9
BRD	1.262	9.581	7,6
Frankrike	ca 10.500	42.100 b)	4,0
Italia	46.035	117.508	2,6
Nederland	796	4.931	6,2
<b>Sum EEC</b>	<b>58.962</b>	<b>170.620</b>	<b>2,3</b>
Norge a)	39.895	51.101	1,3
EEC utan Italia	12.927	58.043	4,5

Kjelde: OECD, *Fishery policies and economies 1951-1966*.

a) Statistisk årbok 1959, 1970

b) Talet gjeld 1964.

TABELL 6: Produktivitet i tonn fisk pr. fiskar 1966

Belgia	33	a) For Norge uttrykker dette talet total fangst delt på summen av einyrkefiskarar, hovudyrkefiskarar og biyrkefiskarar. Dei siste driv fiske i mindre enn halve året. Nederland, BRD c) Belgia har mesta berre einyrkefiskarar. Talet undervurderer altså produktiviteten i Norge.
BRD	69	
Frankrike	19	
Italia	3	
Nederland	72	
<b>EEC</b>	<b>13</b>	
<b>Norge</b>	<b>56 a)</b>	

TABELL 7: Fiskarflåten i bruttoregistertonn og produktivitet i tonn fisk pr. bruttoregistertonn farty 1966.

	Tonnasje BRT	Produktivitet
Belgia	30.392	1,6
BRD	178.000	3,6
Frankrike	287.776 a)	2,8
Italia	265.697	1,3
Nederland	76.600	4,6
EEC	838.500	2,6
Norge	368.118	7,8

Kjelde: OECD, *Fishery policies and economies 1957-1966* og *Statistisk Årbok 1970*.

a) Tabellen der dette talet er henta, manglar årstilvising.

Dei to produktivitetmåla som er nytta, viser at norske fiskarar på ingen måte står tilbake for sine yrkesbrør i EEC. Den norske fiskeflåtetonnasjen er langt meir effektiv enn tonnasjen i noko EEC-land. Årsakene til dette er å finne i dei svært rike fiskefelta langs norskekysten. Avstanden frå land til fiskeplass er stutt. For ein stor del av flåten blir fisket hos oss - i motsetnad til i EEC - drive i form av dagsturar med utgangspunkt i fast familiebustad i bygdemiljø.

Fiskarane i Den Tyske Forbundsrepublikken, Nederland og Belgia - saman med ein stor del av dei franske fiskarane - driv havfiske eller bankfiske langt frå bustad og familie. Familien bur ofte i byar isolert frå mannen det meste av året. Farty frå fleire av EEC-landa driv idag eit intensivt bankfiske ved norskekysten.

I 1966 var den norske fiskefangsten i kystfarvatn 1,6 millionar tonn. Dette tilsvarer 73% av det totale kvantum fisk som alle EEC-land førte i land det året. Desse tala viser tydeleg kor store fiskerikdomar norskekysten har. Ein overdriv neppe om ein seier at kystfarvatna ved Norge har større fiskerikdomar enn den samla kysten av Europa utanom Norge - bortsett frå Island og Færøyane. Dette naturgrunnlaget, som ligg godt innan ei dagsreis frå bu-plassane langs kysten, har vore - og er - ein livsviktig føresetnad for yrke og busetnad langs kysten - særleg i den nordlege delen av landet. Fram til no har dette vore ein felles eigeidom for store delar av folket ved kysten. Utnyttinga av desse naturrikdomane har hittil vore relativt demokratisk. Kystfarvatna og fisken der har vore

folkeeigedom - nytta av folket til å skaffe eiga føde og som grunnlag for nødvendig pengeinntekt.

Einkvar busetnad må ha eit grunnlag i produksjon. I ein pengeøkonomi må denne produksjonen helst ha særlege føresetnader framom tilsvarande produksjon andre stader. Når det gjeld norskekysten, gjev fiskefelta svært gunstige naturvilkår for produksjon og busetnad.

Men naturgrunnlaget for fiske langs norskekysten er ikkje utøymeleg. Skal den lokale folkesetnaden også i framtida kunne grunne ein del av produksjonen sin på fiske, må han både verne seg mot utanlandsk utnytting av naturgrunnlaget og mot konkurransse frå innanlandske kapitalinteresser. Kystfolket har eit stykke på veg - gjennom eigne fiskarorganisasjonar og eigne representantar på Stortinget - klart å forsvare interessene sine fram til no. Rett nok har folket sine interesser i dei seinare åra sakte måtta vike plass for kapitalinteresser som Findus/Nestlé og trålarreiarar i byane. Etter krigen har desse interessene vorte godt hjelpte av den norske staten som politisk og finansielt har fremja stordrift i kapitalistisk regi - samstundes som småfiskarane sjølve har måtta finansiere båt, bruk og bomturar.3) Trass i dette har sjarkefisket med utgangspunkt frå familie og bustad stort sett klart seg.

Sett frå det store fleirtalet av norske fiskarar, tilsvarer kampen mellom tilhengarar og motstandarar av norsk medlemskap i EEC ein kamp mellom europeiske og norske kapitalinteresser på ei side og fiskarane på den andre. Fiskarane har ikkje idag makt over eige naturgrunnlag og eigne marknader, men innan den norske nasjonalstaten er dei idet minste ein av dei maktfaktorane som fastset bruken av naturgrunnlaget, marknadstilpassinga og eigedomstilhøva når det gjeld farty og bruk.

I eit utvida EEC vil norske fiskarar bli så godt som utan politisk innverknad på marknadsføringa og på finansieringsorgana for båt og bruk. Kontrollen med utnyttinga av naturgrunnlaget vil fort bli gjeven til kapitalistiske maktkonsentrasjonar. Desse vil lettare enn norske fiskarar kunne føre fram interessene sine i Brussel.

Innan EEC - med eller utan særreglar for fiskerigrense og krav til buplass i landet for å drive fiske i norske farvatn - vil truleg kapitalistiske fiskarreiarinteresser få auka politisk og finansiell støtte i konkurransen mot sjølveigarfiskarane. Ein siger for kapitalinteressene, knytt til t.d. Nestlé og norske trålarreiarlag, vil bryte ned grunnlaget for ei spreidd busetjing av sjølvstendige fiskarar. Dei frie fiskarane står i fare for å bli proletariserte og fråtekne kontrollen over eigen produksjon,

Forts. s. 136